

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

VIII. INNSKRIFTER UTAN SPRÅKLEG MEINING.

a. Lengre innskrifter

[**867**] N-22559. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 42; 1990b: [35]; Hagland og Lorentzen 1997: 71.)

Innskrifta står på eit trestykke som er bevart i fire no delvis usamanhangande brot. Gjenstanden har opphavleg vore om lag 25 mm brei og 4-5 mm tjukk. Lengda på kvart av dei tre største brotstykkene er 98, 39 og 29 mm. Den siste biten er 16 x 10 x 5 mm. Gjenstanden er bevart med fire hol langs midten. desse ser ut til å vera gjorde før teikna er rissa inn.

Funnet vart gjort i 1974, felt FL, hovudfase 9. Det vil seia at funnkonteksten kan daterast til ein periode som dekkjer siste kvartal av 1200-talet og første kvartal av 1300-talet.

Det er runer (eller runeliknande teikn?) på to sider av det største brotstykket og på ei side av det nest største - det som med ein noko skadd brotkant høver saman med det største. Samla lengd på det som her er kalla side a, er ca 120 mm, Teikna er 24-25 mm høge. Dei to teikna på side b er 22 mm høge og dekkjer ei lengd på 20 mm. Liestøl har ved ein gjennomgang kort etter at funnet var gjort, karakterisert innskrifta som "runeliknande teikn". Det er mogleg at det er rettast i dette tilfellet. Likevel er det slik at r. 1 på side udiskutabelt har form som **r** med øvre del av staven skadd i brotkant og ein heller skarpt vinkla open boge som har starta eit stykke nede på staven. R. 2 har likeins umiskjenneleg form som **m** med kvisten på venstre side plassert eit lite stykke lenger ned på staven enn den på høgre side. Deretter følgjer eit hol i treet, og så kjem ein stav med kvist ned til høgre relativt langt nede og heilt ned til grunnlina. Med god vilje, men med alle atterhald vil dette kunna oppfattast som **n**. Så følgjer stav med heilt tilsvarande kvist ned til høgre og kvist ned til venstre eit lite stykke ned frå toppen. Det synest å vera all grunn til seia seg samd i at dei to sist nemnde helst må sjåast som 'runeliknande teikn', men skal av praktiske grunnar likevel refererast til som r. 3 og 4 her. Etter desse to teikna er det nytt hol og så stav med tydeleg bevart kvist opp til høgre eit lite stykke nedom midten av staven. Ovanom denne kvisten er treet skadd så det kan her ha vore tale om ein skarpt vinka **p**. Deretter følgjer ein stav utan teikn på kvistar til noka side og så eit

teikn med tydeleg form som **y**. Kvisten på venstre side rekk ikkje heilt ned til grunnlina. Så følgjer i brotkanten restar etter ein stav. På grunn av brotet vil her eventuelle kvistar til venstre nedanom midten vera borte. Etter brotet følgjer stav og kvist ned til venstre frå midten, eit teikn som såleis har **n**-form. Til slutt på denne sida følgjer ei oppatt-taking av

R. 1 på side b er det først eit runeliknande teikn, så ein stav med kvist frå midten og ned både på venstre og høgre side, deretter rein stav.

R Y ? ? | ʞ ? ʞ ?

a) **r m * * i y ? n *** (* = runeliknande teikn i translittereringa)

? ʞ |

b) *** a n i**

Jamvel om det er nokre teikn her som kan identifiserast som runer, er det sjølvsagt uråd å finna språkleg meining. På side b kunne sjølvsagt sekvensen **ani** takast som eit mannsnamn *Áni*. Det har moglege parallellar i N036 Lom VII, N078 Hegge og A227 TU739 (Gosling 1989: 187) som også må vera relativt seine innskrifter. Men den tilsynelatande tilfellelege samanhengen dei står i her, vil ei slik løysing i beste fall måtta kallast usikker.